

# FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 5 - OKTOBER 2020  
ÅRGANG 43





DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tys., ons. og fre.: kl.10:00 - 15:00  
Ta kontakt på telefon om døra er låst  
og me er ute på oppdrag.

**Kyrkjeverje/kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Drønen, Roald 950 76 635  
[rodr@fitjar.kommune.no](mailto:rodr@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Matre, Randi Lønning 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

**Kontormedarbeidar**

Oma, Elisabeth Søndena  
[eson@fitjar.kommune.no](mailto:eson@fitjar.kommune.no)

**Soknerådsleiar:**

Fangel, Sigrid 480 94 634

**Nestleiar sokneråd:**

Helland, Wenche A. 901 33 397

**Bakken barnehage:**

Torunn K. Aarskog 404 04 146  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

(Skriv om du vil øyremerke gåva)  
kontonr. 3546.29.05805



**Framsidedeilete:**

Fitjar-weekend på Brandøy

Foto: Ole Sandvik



# Regnbogen

- eit teikn på Guds lovnad

Regnbogen er eit gammalt teikn som Gud sette på himmelen etter storflaumen (1.Mos.kap. 7ff.). Den var eit løfte til Noah og hans atterkomarar om at Gud aldri skulle øydeleggja jorda igjen ved ein vassflaum: «Eg set bogen min i skyene, han skal vera eit teikn på pakta mellom meg og jorda,» seier Herren.



Roald Drønen

Pakta går ut på at Gud aldri meir vil la det koma ein vassflaum og øydeleggja jorda. Vatnet skal aldri meir bli ein flaum som druknar alt levande. Gud har gjeve eit løfte, og han har knytt det til noko me kan sjå, noko synleg.

Regnbogen er eit visuelt og synleg fenomen som oppstår når sola skin gjennom regndropar i atmosfæren. Regnbogen blir sterkare dersom regndropane er store. På bakken ser vi regnbogen med avslutning på kvar side i terrenget. Oppe i lufta (sett frå fly) er den ein komplett sirkel.

I følgje ein myte skal det liggja ein skatt ved enden av bogen. Problemet er at regnbogen ikkje har nokon spesiell plassering, og når du flyttar på deg, vil regnbogen oppstå i stadig nye regndropar. Det er difor umogleg å gå til enden av regnbogen.

Fordi me har 3 typar tappar i netthinna, så vil det vera  $3+3+1=7$  fargeband som klarast skil seg ut: raud, oransje, gul, grøn, lyseblå (turkis/cyan), mørkeblå (indigo) og fiolett (ultra blå, med en illusjon av litt lilla, som mange har vanskeleg for å skjelna).

Like overraskande som regnbogen står der, like fort blir den borte igjen.

Om regnbogen ikkje er synleg for oss bestandig, så er den alltid synleg for Gud. For Bibelen seier at rundt Guds trone er det ein regnboge, som ein smaragd å sjå til.

Regnbogen er for oss eit teikn på at Gud står ved det som han har lova.



På facebookside vår deler me noko av det som har skjedd og det som skal skje i kyrkja vår. Du finn oss under namnet Kyrkja på Fitjar. Lik og følg oss gjerne!



## Tilsetjingar

Olav Johannes Oma har vore vikar som sokneprest i Stord sidan 2018. Han er no tilsett der i fast stilling. Roald Drønen har vore hans vikar i Fitjar og er no tilsett som sokneprest i Fitjar.

Kjetil Hagevik Ragde er tilsett som kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister i Fitjar i 70% stilling. Han byrjar i stillinga 1. november.

## Helgemesse i Fitjar

Me veit at mange i etterkant av gravferda besøkjer grava til sine kjære for å tenna lys, særleg no i den mørke årstida, og gjerne rundt Helgemessesøndag (Allehelgensdag).

På grunn av situasjonen rundt Covid-19-viruset, er me forhindra frå å innby til store samankomstar. Difor vil me invitera spesielt til open kyrkje i Fitjar laurdag 31. oktober kl. 17-20 (dette er dagen før Helgemessesøndag).

Her kan du koma inn og varma deg over ein kopp kaffi, tenna eit lys eller berre vera stille. Mellom kl. 18-19 vil det vera innslag av musikk, diktlesing etc. i samband med at namna på dei døde vil bli lese opp.

I gudstenesta søndag 1. nov. vil me også lesa namna og minnst dei som er døde og gravlagde i Fitjar det siste året.



### ”Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

#### Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 4. desember til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 16. desember. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

#### Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



# Weekend på Brandøy

16. - 18. oktober var nesten 100 fitjarbuar samla på Brandøy Misjons- og konferansesenter på Bjoa til forsamlings-weekend for heile familien.

*T: Rolf Atle Rolfsnes - F: Ole Sandvik*

Den flotte leirstaden til Indremisjonssamskinaden har i likhet med mange andre hatt ei utfordrande tid, og med covid19-restriksjonar har det vore vanskeleg å få arrangert leirar eller andre samlingar dei siste månadane.

Med avstandsreglar mellom familiar både i matsal, møtesal og elles, var det likevel mogleg å samlast til ein famileleir av denne typen, og kyrkjelyden, Fitjar indremisjon og Imf Fitjar stod saman om denne helga.

Marit Andresen Røen starta med møte i Fitjar bedehus onsdag og torsdag, og vart med til Brandøy som talar fredag til søndag. Med sin sprudlande og engasjerte veremåte fekk ho formidla den gode budskapet til alle.

Komitéen med Helga Rimmereid, Randi Lønning Matre, Randi Eiken Brekke og Johannes Olsen hadde planlagt eit fint program, og både små og store kosa seg inne som ute.

Her var det samlingar i møtesalen både føremiddag og kveld, og elles kunne ein prøva seg på både klatring, luftgeværskyting, kanopadling, frisbeegolf og andre aktivitetar. På laurdagen var det tur til Gråhorjo (740 moh) for dei spreke, og lagkonkurransen 50-leiken etter lunsj.

I tillegg fekk ein òg nyta god mat, slappa av, bli kjent med nye og snakka mykje med folk.



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes



## Pynting på kyrkjegarden

**Det er viktig at kyrjegarden på Fitjar er fin og velstelt, og Mari Helland er ei av dei som bidreg sterkt til dette. Kyrkjebladet fekk ein prat med henne ein av desse nydelege soldagane i oktober.**

Anne Hardeland

Kyrkjeleg fellesråd har ein gravstellsavtale der pårørende som ikkje har høve til å stella graver sjølv, kan oppretta ein avtale om planting og stell av dei. I 2014 tok Mari til med dette arbeidet. Ho vart utdanna gartner ved Hjeltnes gartnerarskule i åra 1989-91. Dei første åra etter utdanninga jobba ho på Hageland på Haga hjå eigaren Jan Skard. Arbeidet der var sesongprega, og besto av prikling av sommarblomar om våren og legging av løkar som skulle brukast til snitt. Når det nærma seg jul, var det lagning av mosekransar.

«Eg kan enno kjenna på at granbardufta minner om jul og den tida», minnst ho. Då Skard slutta med hagesenteret, fekk ho arbeid på Hageland på Heiane nokre år. Mari er såleis godt kvalifisert til å ta seg av kjære gravminne.

Heime har Mari drivhus og hage, og trivest med å stella der. Særskilt georginer har ho sansen for. Dei kjem i så ulike former og fargar. Handarbeid har også alltid vore ei stor interesse.

Ho steller for tida nær 50 graver. Det er oftast gamle graver der dei pårørende bur langt borte og ikkje kan stella sjølv. Rett etter påske vert det planta stemorsblomar etter å ha rydda bort juledekorasjonane. Til Jonsok skal det vera sommarblomar, og hausten går med til å gjera klart til mosekransar som skal på til første søndag i advent. Enkelte har blomar sjølv, og ønskjer berre mosekransane. «Den kjekkaste tida for meg, er våren. Då viser det så godt igjen det me har gjort, kantane er klipt og alt ser velstelt ut», seier ho. I tillegg til å planta, tek ho seg også av vatning og rydding. Mange framande som er innom kommenterer at det er så fint på kyrkjegarden her, og det er umåteleg viktig å ta vare på den.



Dette er eit fantastisk tilbud for dei som treng det, og Mari får mange gode tilbakemeldingar frå folk som er nøyde og glade for at gravene til deira kjære vert stelte så fint. Ho er ofte å sjå på kyrkjegarden, og det er godt å treffa henne der. Og ho slår gjerne av ein prat. Me vil takka henne så mykje for det flotte arbeidet ho gjer, ønskja lukke til vidare, og ser fram til å gleda oss framover over den vakre kyrkjegarden vår.





4. rekke.: Adrian Opedal Huseth, Rune André Holmedal, Jens Ragnar Våge Helland, Jørgen Skram Isdahl, Jan Grønås Bukkøy, Eirik Fitjar, Ola Sigurd Vestbøstad, Emil Wilhelmsen Reigstad

3. rekke: Sigmund Mikal Aga Hopperstad, Johannes Tufteland, Adrian Hugøy Berntsen, Leon Ivarsøy Bårdsen, Eirik Torbjørnsen, Sander Nordbustad, Gabriel Helland Kannelønning, Halvor Livastøl Aga, Julian Drivenes-Helland



2. rekke: Amalie Prestbø, Ingeborg Prestbø, Linnea Kleppe Nordbustad, Camilla Vik, Amalie Helland Tislevoll, Regine Haukeland, Siren Brekke, Mari Fitjar Hjelle, Hanne Inntveit

1. rekke: Thea Eggøy Nilsen, Tuva Grimen, Ingrid Johanna Hjelmen Grimen, Alma Brekke, Helena Solli, Mathea Olsen Vik, Nathalie Jespersen Lyngbø, Andrea Brakedal, Isabel Helland Skumsnes,


Foran: Sokneprest Roald Drønen og kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre

Foto: Misje Foto



## Heim igjen

Kva veg må sonen gå for å kome heim igjen til far sin?



I Bibelen i Luk. 15,11-32 kan du lese om ein far som ventar, og ein son som kjem heim igjen. Ei forteljing som skal vise oss litt om kven Gud er.

## Koselege hus

Alle desse husa ser like ut, men det er eit som er annleis enn dei andre. Klarar du å finne det?



## Her er jeg, Jesus

t/m: Føbe Elise Edvardten 2007

*Med begge beina plantet på bakken  
og hodet vendt mot himmelens Gud  
mine armer strekkes mot himlen  
og hjertet boblebruser godt  
for der er selve kilden til liv*

*Her er jeg Jesus, her er jeg Jesus  
Hele meg vil være hos deg  
Her er jeg Jesus, her er jeg Jesus  
Du er den aller beste i meg  
Du er helt fantastisk  
du er boble bruse- livet inni meg*

# Temakveldar



**Torsdag 29.10.:** Konsert med Iver Kleive og Knut Reiersrud blir gruppa sitt første arrangement denne hausten, og det er altså ikkje nokon kven som helst som kjem til kyrkja.

Iver Kleive er halde for å vera ein av dei beste organistane i landet, og det same kan seiast om Knut Reiersrud på gitarar.



**Torsdag 26.11.:** Konsert med Klostertrio (Tore Kloster, Irene Simonsen og Solveig Sørheim).

Dei framfører musikk frå ulike periodar og sjangrar, i ein uvanleg og spennande instrumentkombinasjon: Trøorgel, piano og song. Dette vert ein flott start på adventstida.



# Menneskefiske i Moahagen

**30.august** var det søndagskulens dag og friluftsgudsteneste i den vakre Moahagen.

Torbjørn Hovland

Dramatisert tekst og tema var frå Lukas 5.11, der fiskaren Simon etter ei mislukka natt med fiskegarna vert oppmoda av Jesus om å prøva ein gong til.

Då vart det fulle garn, og to båtar måtte til for å berga fangsten. Så seier Jesus dei kjende orda «Kom og følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!»

Så får me håpa at det vart fangst i Moahagen også.



**||| GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20

VAREHUSET  
**RYDLAND**  
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as  
**ELON** **fagmøbler**

**Duo**

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

**LERØY**  
**SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS  
Kjerelvvegen 55  
5419 Fitjar  
[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)

**FRS**  
FITJAR RØR & SANITÆR A.S

Mobilnr:  
975 02381

**PORT**  
STEINGARD

Port Steingard AS  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**NBK**  
norges bygdekvinne lag

Fitjar  
Bygdekvinne lag

**FINERO**  
REGNSKAP

[www.finer.no](http://www.finer.no) - [jantore.aarskog@finero.no](mailto:jantore.aarskog@finero.no)



Din Catering leverandør

**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
[fitjarcamping@haugnett.no](mailto:fitjarcamping@haugnett.no)

**Hår**  
loftet

OPNINGSTIDER  
Mån, tirs, fre, ..... 9-16  
Ons, tors, ..... 9-18  
Laur (kun drop-in), 10-13

Fiks frisyren  
hos oss!

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget **53 49 78 90**  
For timebestilling ring:



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
Telefon: 91 82 41 58

**Engesund**  
Fiskeoppdrett  
Visningscenter  
Mobilnr: 951 89950

**Fitjar-Posten**

E-POST: [post@fitjarposten.no](mailto:post@fitjarposten.no) - MOB: 476 52 527

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

**Susflidskron**

Tlf: 53 49 79 60

**Interflora** | Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00 [www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner

**jt TVEIT**  
Faglig tyngde og  
godt humør

BERRE GOE!



**FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS**

post@fmvas.no - 53 45 72 00  
www.fmvas.no



**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Videoen  
Kiosk**



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



Syng med oss !  
OSTERNES MANNSKOR



AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21



www.heimli.com  
Havnavegen 90, Fitjar

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



Sal av kraftfor, gjerde-  
matriell og spon

**NESEGUTANE AS**

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700



**Kontaktinfo:**  
Torunn K. Aarskog  
404 04 146

Ledig annonseplass



# Slekters gang

## Døypete:

20.09 Ulrik Nesbjørg Eikefet  
Iver Tverderøy Halsnes

11.10 Alex Rimmereid

## Vigde:

03.10. Turid Marie Lambach Fitjar  
og Ole Arnfinn Røysland

17.10. Hildegunn Seivåg og  
Jens Einar Helland

## Jordfeste:

Ingolv Rimmereid  
f: 07.05.1926 – d: 29.08.2020

Einar Baardsen  
f: 20.01.1957 – d: 04.09.2020

Gunnar Bergesen  
f: 08.08.1953 – d: 04.10.2020

Borgny Nesbø  
f: 25.01.1926 – d: 05.10.2020

Olav Normann Agasøster  
f: 05.10.1948 – d: 13.10.2020

Elisabeth Rydland  
f: 19.12.1923 – d: 16.10.2020

John Christian Helland  
f: 07.01.1944 – d: 17.10.2020



*Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»*

*Matt 28, 18-20*



## Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad
29.10.	19:30	Temakveld - Iver Kleive og Knut Reiersrud
01.11.	11:00	Helgemesse-sundag - Middag på bedehuset etter gudst.
08.11.	11:00	23. søndag i treeiningstida - Lys vaken
15.11.	11:00	24. søndag i treeiningstida
22.11.	11:00	Domssøndag
26.11.	19:30	Temakveld - Klostertrio
29.11.	19:00	1. søndag i adventstida - Lysmesse
06.12.	11:00	2. søndag i adventstida
13.12.	11:00	3. søndag i adventstida

## Takkoffer

Fitjar diakoninemnd  
Barne- og ungd.abeidet i kyrkjelyden  
Bridgebuilders  
Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden